

Takketale for Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar 2017  
Jens Kihl, Ørsta, 29. juni

Gode jury: Tusen takk for pris. For ein som berre er i startgropa av journalistlivet er det verkeleg stas å bli sett for den journalistikken eg lagar – og for det språket eg skriv på. Det er jo dette eg alltid har drøymt om å drive med. Det er dette eg har aller mest lyst til å gjere resten av livet. Og så må eg seie at det er fint å dele prisen med Guri. Ho er ein svært språksikker kollega som eg ofte let meg imponere av.

Så vil eg takke Noregs Mållag. Fagforeininga mi, Norsk Journalistlag, er diverre ikkje særleg oppteken av vilkåra for nynorskjournalistane. Det er framleis sånn at det beste språket har dei dårlegaste vilkåra, utan at det plagar NJ noko særleg. Då er det godt at mållaget, mi språklege fagforeining, står parat til å kjempe for den nynorske journalistikken.

For mange år sidan arrangerte Norsk Tidend, medlemsbladet til Noregs Mållag, eit kurs for oss som skreiv i bladet. Der oppmoda Laura Djupvik oss til å finne eit journalistisk prosjekt. Mitt prosjekt er enkelt (og kanskje litt pompøst sagt) folkestyre. Eg prøver å undersøkje kven som har makt og kvifor dei har det. Dei siste åra har det kanskje best kome fram i dekninga av kommunereforma. Folkestyre har vore det sentrale for meg då eg arbeidde og seinare sat i leiinga for Nei til EU og Noregs Mållag, i mitt partipolitiske arbeid og no som journalist. Folket skal ha makta. Ferdig snakka.

Til den journalistikken høver folkestyrespråket nynorsk aller best. Ideen om at alle dialektane er bra nok til å vere utgangspunkt for eit riksspråk – den står seg minst like godt no som før. Skal nynorsken ha ein plass, må nokon faktisk skrive han. Vi er ikkje mange politiske journalistar som bruker nynorsk i riksavisene. Heldigvis får eg lov til å gjere det i Klassekampen. Takk for det.

Det er litt gøy å skrive eit språk som tydelegvis er så farleg at redaktørane i dei fleste storavisene ser seg nøydde til å forby det på redaksjonell plass. Det er heilt fantastisk at redaktør Gard Steiro har oppheva forbodet i VG. Det utdaterte, pinlege og trongsynte nynorskforbodet i Dagbladet, Aftenposten, Dagens Næringsliv og mange, mange andre riksaviser gjer (minst) to ting: Noreg lir eit kulturelt tap. Og sjefen min kan vere trygg på at eg ikkje søker meg til ein større redaksjon med det fyrste.

På ein sommarfest nyleg kom ein såkalla profilert samfunnsaktør bort til meg og sa at hen likte det eg skreiv. Vedkomande ville seie frå om at hen likte nynorsk veldig godt, men at rådde meg til å gå over til bokmål. "Det er jo ingen som les det du skriv uansett. Journalistikken din får ingenting å seie." Takk for rådet. Ein politisk rådgjevar svarer alltid at det ikkje er vits i å lese sitatsjekkane eg sender, fordi det er umogleg å skjøne nynorsk. Hen vil styre Norge. Men ikkje Noreg.

Alt dette får sikkert òg vår dyktige redaktør Bjørgulv Braanen høyre. Likevel gjev han rom til både Guri, meg og mange andre nynorskjournalistar. Han tek inn praktikantar frå Nynorsk avissenter i Førde. Han syt for at Klassekampen

trykkjer stoff frå Nynorsk pressekontor. Og han forsvarer nynorsken både på leiarplass og elles. Men det er fleire menn enn Bjørgulv i mitt liv. Min nyhendesjef Kjell-Erik Nordensson Kallset er ei uvurderleg støtte både fagleg og språkleg. Og så er det Kjetil Magne Sørenes, den andre halvparten av politisk avdeling i Klassekampen: Han er siddisen som vaks opp med Norsk Barneblad, og som ivrig bidreg alle dei dagane vi skriv ut saka vår på nynorsk. Å ha ein bokmålskollega som så heilhuga vil vere med på å skrive nynorsk er nesten meir enn ein kan vente. Som Kjetil sa utpå natta på vårt aller fyrste nachspiel saman: Det journalistiske tospann er ein demokratisk institusjon. Det var så pompøst at eg ikkje visste kor eg skulle gjere av meg. Men som vanleg hadde Kjetil rett. Takk, Kjetil.

Oppsummert: Den nynorske journalistikken har ei stolt fortid. Eg trur på ei endå stoltare framtid.

Og heilt til slutt: Takk, Ivar Aasen.